

Vestlandsrådet

MØTEBOK

Organ	Vestlandsrådet
Møtestad	Quality Airport Hotel, Stavanger / Sola
Møtedato	24.11.2011
Kl.	10:00 – 13.45

Faste medlemmer til stades:

Janne Johnsen, H, Rogaland
Terje Halleland, Frp, Rogaland
Ellen Solheim, KrF, Rogaland
Ruth Grung, Ap, Hordaland
Terje Søviknes, Frp, Hordaland
Bente Bondhus, Sp, Hordaland
Åshild Kjelsnes, Ap, Sogn og Fjordane
Jenny Følling, Sp, Sogn og Fjordane
Norvall Nøringset, SV, Sogn og Fjordane
Frank Willy Djuvik, Frp, Sogn og Fjordane
Torill Melheim Strand, Ap, Møre og Romsdal
Jon Aasen, Ap, Møre og Romsdal
Helge Orten, H, Møre og Romsdal
Frank Sve, Frp, Møre og Romsdal

Forfall til møtet:

Arne Bergsvåg, Sp, Rogaland
Tom Tvedt, Ap, Rogaland
Tom-Christer Nilsen, H, Hordaland
Mona Haugland Hellesnes, V, Hordaland
Noralv Distad, H, Sogn og Fjordane
Gunn Berit Gjerde, V, Møre og Romsdal, Randi
Karin Asbjørnsen, Sunnmørslista (vara)

Varamedlemmer til stades:

Sofie M. Selvikvåg, Sp, Rogaland
Hildegunn Bjelde, Ap, Rogaland
Mona Røsvik, H, Hordaland
Alf Helge Greker, V, Hordaland
Olin Henden, H, Sogn og Fjordane

Til stades med tale-/framleggsrett:

Fylkesrådmann Trond Nerdal, Rogaland
Fylkesrådmann Paul M. Nilsen, Hordaland
Fylkesrådmann Jan Øhlckers, Sogn og Fjordane
Ass. fylkesrådmann Willy Loftheim, Møre og Romsdal

Andre til stades: Randi Klæbo, Rogaland
Matti Torgersen, Hordaland

Sekretariat for møtet: Sekretariatsleiar Trond Ueland

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Utvalet tok stilling til om kva saker som skal vere opne/lukka.

Møtebok frå 14.06.11 vart godkjend utan merknader.

OPEN TIME:

Bente Bondhus, Sp, Hordaland:

Manglande mobilkommunikasjon: Vestlandsrådet er uroa over at deler av vegnettet har manglande radio og mobildekning. Mobilnettet er viktig for tryggleiken langs vegnettet vårt. Vestlandsrådet ser det som særskild viktig at dette trafikksikringsarbeidet blir prioritert.

Ellen Solheim, KrF, Rogaland:

Vestlandsrådet utarbeider ei fråsegn om manglande midlar til vedlikehald av vegsektoren. Fråsegna følgjer opp tilsvarende fråsegn frå eit samla fylkesordførarkollegium. Fråsegna vert formulert som ei «bekymringsmelding».

Ruth Grung, Ap, Hordaland:

Det blir utarbeidd ein plattform om framtidige investeringar i infrastruktur i form av eit dokument til neste møte i Vestlandsrådet. Hordaland fylkeskommune tar ansvaret for dette.

Jenny Følling, Sp, Sogn og Fjordane:

I neste møte i Vestlandsrådet vil det bli sett av noko tid under posten "Open time" til å orientere om erfaringar og arbeidsmåte i Vestlandsrådet.

Frank Sve, Frp, Møre og Romsdal:

Det er trong for å få til ei samla oversikt over behov for rassikringstiltak og etterslep og vedlikehald på vegsektoren.

Torill Melheim Strand, Ap, Møre og Romsdal stilte spørsmål om det er mogleg å få ei oversikt over tidlegare vedteken løyving på 1 mrd kroner til samferdsle på Vestlandet

SAK 14/11

Transportplan for Vestlandet - Handlingsprogram 2012-2015

&&& Fyll inn behandlingen av saken under denne linjen ↓

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Vestlandsrådet sluttar seg til Handlingsprogrammet 2012 – 2015 Transportplan 2007-2019 slik det ligg føre.

Endringsframlegg:

Jon Aasen, Ap, Møre og Romsdal sette fram slikt framlegg til tillegg i tilrådinga:

1. Vestlandsrådet viser til tidlegare transportplan for Vestlandet, og i tråd med tidlegare Handlingsprogram vidarefører Vestlandsrådet sine tidlegare prioriteringar av store ferjeavløysingsprosjekt på E39, der Rogfast er 1. prosjektet og kryssing av Romsdalsfjorden (Møreaksen) er 2. prosjekt.
2. Vestlandsrådet ber om at tabellane med kostnader og framdriftsmål blir oppdatert i tråd med framlagde KVUar.-
3. Punkt 4.2 tabell 15, behov for rassikring, blir justert med oppdaterte tal innan høyringsfristen febr. 2012.

Det vart i tillegg lagt fram følgjande redaksjonelle endringar i transportplanen:

Alv Helge Greaker, V, Hordaland:

Til «Mål for ferjefri E39 punkt 2.2.4:

Prosjektet vert gjennomført i tråd med vedtekne klimamål og må trekke vekslar på regionens kompetanse og innovasjonsmoglegheiter for å løyse eventuelle utfordringar.

Ashild Kjelsnes, Ap, Sogn og Fjordane:

Under pkt. 5.3.1:

Stadhavet er eit område som er problematisk for sjøtransporten ved dårleg vær.

Ein skipstunnel gjennom det smale Stadlandet har i mange tiår vore eit mål for å få bukt med problema...

Under pkt 5.3.3: Vestlandsrådet meiner difor at Stad skipstunnel må prioriterast i NTP 2014-2023 som eit nasjonalt prosjekt

Janne Johnsen, H, Rogaland:

Transportprogrammet skal følgje opp tidlegare vedtak i Vestlandsrådet om eit eige kapittel om kollektivtransport, spesielt utfordringa i dei to store byområda på Vestlandet. Kravet om auke i rassikring til kr 2 mill kroner skal og følgjast opp.

Jon Aasen, Ap, Møre og Romsdal:

Alle tabellar i programmet skal oppdaterast

Janne Johnsen,H, Rogaland gjorde framlegg om at

1. AU får ansvar for å legge fram eit forslag til samla vedtak til neste møte 16.februar 2012
2. Redaksjonelle endringar vert gjort i tråd med innspel i saka.

Avrøysting:

Samrøystes

[&&& Fyll inn behandlingen av saken over denne linjen ↑](#)

Dette gir følgjande VEDTAK:

[&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓](#)

1. AU får ansvar for å legge fram eit forslag til samla vedtak til neste møte 16.februar 2012
2. Redaksjonelle endringar vert gjort i tråd med innspel i saka.

[&&& Fyll inn vedtaket i saken over denne linjen ↑](#)

SAK 15/11

Reiselivsstrategi for Vestlandet

[&&& Fyll inn behandlingen av saken under denne linjen ↓](#)

[&&& Fyll inn behandlingen av saken over denne linjen ↑](#)

VEDTAK:

[&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓](#)

1. Vestlandsrådet ber om at det vert utarbeidd ein kortfatta overordna reiselivsstrategi for Vestlandet med utgangspunkt i dei samla utfordringane ein har og med grunnlag i Regjeringas tre hovudmål for eigen reiselivstrategi.
2. AU vert styringsgruppe for arbeidet og godkjenner endeleg mandat. I den grad det er trong for ekstern hjelp, avgjer AU eventuell behov for finansiering.
3. Framlegg til reiselivsstrategi for Vestlandet vert lagt fram for Vestlandsrådet i løpet av ultimo 2012.

[&&& Fyll inn vedtaket i saken over denne linjen ↑](#)

SAK 16/11

Ny politisk plattform for Vestlandsrådet 2012

[&&& Fyll inn behandlingen av saken under denne linjen ↓](#)

Frå rådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet vedtek oppstart av arbeid med å rullere den politiske plattformen for Vestlandsrådet. Særlege viktige saker i den politiske plattformen vil vere ferjefri E39

Kyststamvegen, vidareføring av transportplan for Vestlandet, koordinering av arbeidet med NTP, arbeide for gode rammevilkår for prioriterte næringer på Vestlandet, samt å arbeide for å styrkje det regionalpolitiske handlingsrommet.

2. Vestlandsrådet ber fylkesrådmannen leggje fram eit drøftingsnotat for innhaldet i den politiske plattformen til neste møte i rådet. Drøftingsnotatet med Vestlandsrådet sine kommentarar skal leggjast fram til drøfting med aktuelle partnerar. Fylkeskommunane har ansvar for drøfting med partnerar i sine fylke.
3. Plattformen skal vedtakast av Vestlandsrådet i mai 2012 etter at eit utkast har vore drøfta i fellesmøte mellom fylkesutvala.

Endringsframlegg:

Janne Johnsen, H, Rogaland sette fram slikt framlegg til nytt punkt 3:
Plattformen skal vedtakast av Vestlandsrådet våren 2012.

Avrøysting:

Samrøystes

[&&& Fyll inn behandlingen av saken over denne linjen ↑](#)

Dette gir følgjande VEDTAK:

[&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓](#)

1. Vestlandsrådet vedtek oppstart av arbeid med å rullere den politiske plattformen for Vestlandsrådet. Særlege viktige saker i den politiske plattformen vil vere ferjefri E39 Kyststamvegen, vidareføring av transportplan for Vestlandet, koordinering av arbeidet med NTP, arbeide for gode rammevilkår for prioriterte næringer på Vestlandet, samt å arbeide for å styrkje det regionalpolitiske handlingsrommet.
2. Vestlandsrådet ber fylkesrådmannen leggje fram eit drøftingsnotat for innhaldet i den politiske plattformen til neste møte i rådet. Drøftingsnotatet med Vestlandsrådet sine kommentarar skal leggjast fram til drøfting med aktuelle partnerar. Fylkeskommunane har ansvar for drøfting med partnerar i sine fylke.
3. Plattformen skal vedtakast av Vestlandsrådet våren 2012

[&&& Fyll inn vedtaket i saken over denne linjen ↑](#)

SAK 17/11**Forvaltningsplan for Nordsjøen**

[&&& Fyll inn behandlingen av saken under denne linjen ↓](#)

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet ønskjer å ha ei meir aktiv rolle i arbeidet med å utarbeide ein forvaltningsplan for Nordsjøen, og ber om at lokale og regionale styresmakter vert representert i styrings- og arbeidsgrupper i regi av Klima- og forureiningsdirektoratet.
2. Petroleum er bærebjelken for den norske velferdsstaten, og må sikrast ein langsiktig og bærekraftig utvikling
3. Framtidsbilete knytt til fornybar energiproduksjon til havs må inkludere framtidige muligheiter. På kort sikt er det viktig å satse på testsentra som legg grunnlaget for ein framtidig heimemarknad.
4. Det er viktig at norske aktørar påverkar i dei kanalar der det er mogeleg å sikre ei bærekraftig framtid for fiskeria i Nordsjøen
5. Vestlandsrådet er svært uroa for miljøtrugselen frå Sellafield, og strekar under at det fortsatt må arbeidast aktivt for tiltak som minskar trusselen. Det same gjeld risikoen som kvikksølvlasten i ubåten utanfor Fedje representerer, der Vestlandsrådet har vore tydeleg på at ubåten må hevast og kvikksølvet fjernast på ein trygg måte.
6. Nordsjøen er et havområde vi deler med sju andre land, og Vestlandsrådet understreker behovet for å samordne det norske arbeidet med prosesser i andre land rundt Nordsjøen for eksempel i regi av Nordsjøkommisjonen.

Endringsframlegg:

Alf Helge Greaker, V, Hordaland sette fram slikt framlegg til endring under punkt 2: Olje- og gassnæringa er ei av bærebjelkane for den norske velferdsstaten, osb..

Avrøysting:

Samrøystes

[&&& Fyll inn behandlingen av saken over denne linjen ↑](#)

Dette gir følgjande VEDTAK:

[&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓](#)

1. Vestlandsrådet ønskjer å ha ei meir aktiv rolle i arbeidet med å utarbeide ein forvaltningsplan for Nordsjøen, og ber om at lokale og regionale styresmakter vert representert i styrings- og arbeidsgrupper i regi av Klima- og forureiningsdirektoratet.
2. Olje- og gassnæringa er ei av bærebjelkane for den norske velferdsstaten, og må sikrast ein langsiktig og bærekraftig utvikling
3. Framtidsbilete knytt til fornybar energiproduksjon til havs må inkludere framtidige muligheiter. På kort sikt er det viktig å satse på testsentra som legg grunnlaget for ein framtidig heimemarknad.
4. Det er viktig at norske aktørar påverkar i dei kanalar der det er mogeleg å sikre ei bærekraftig framtid for fiskeria i Nordsjøen
5. Vestlandsrådet er svært uroa for miljøtrugselen frå Sellafield, og strekar under at det fortsatt må arbeidast aktivt for tiltak som minskar trusselen. Det same gjeld risikoen som kvikksølvlasten i ubåten utanfor Fedje representerer, der Vestlandsrådet har vore tydeleg på at ubåten må hevast og kvikksølvet fjernast på ein trygg måte.
6. Nordsjøen er et havområde vi deler med sju andre land, og Vestlandsrådet understreker behovet for å samordne det norske arbeidet med prosesser i andre land rundt Nordsjøen for eksempel i regi av Nordsjøkommisjonen.

[&&& Fyll inn vedtaket i saken over denne linjen ↑](#)

SAK 18/11

Møteplan i Vestlandsrådet 2012

[&&& Fyll inn behandlingen av saken under denne linjen ↓](#)

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Møteplan for 2011 vert slik:

- 16. februar i Sogn og Fjordane
- 9. og 10. mai i Hordaland - fellesmøte med fylkesutvala
- 19. og 20. september i Møre og Romsdal
- 5. desember i Rogaland

Endringsframlegg:

Janne Johnsen, H, Rogaland sette fram slikt framlegg til møteplan:

- 16. februar på Flesland
- AU kjem attende med ein samla møteplan ultimo 2011

Avrøysting:

Samrøystes

[&&& Fyll inn behandlingen av saken over denne linjen ↑](#)

Dette gir følgjande VEDTAK:

[&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓](#)

Møteplan for 2011 vert slik:

- 16. februar på Flesland
- AU kjem attende med ein samla møteplan ultimo 2011

[&&& Fyll inn vedtaket i saken over denne linjen ↑](#)

SAK 19/11

Skriv og meldingar

[&&& Fyll inn behandlingen av saken under denne linjen ↓](#)

[&&& Fyll inn behandlingen av saken over denne linjen ↑](#)

[&&& Fyll inn vedtaket i saken under denne linjen ↓](#)

1. Prosjekt hurtiglading for elbilar langs E39 – status 9.11.11
2. Samarbeidsavtale om Vestlandskonferansen
3. Vestlandsrådet og Vestlandskonferansen
4. Innkalling til telefonmøte i AU 25.08.2011
5. Referat frå møte i AU 8.09.2011
6. Innkalling til telefonmøte i AU 3.10.11
7. Referat frå møte i AU 3.10.11

[&&& Fyll inn vedtaket i saken over denne linjen ↑](#)